

SNIKKARSKULEN I VALLDAL

Anton Gjerde og Karl Hol, Valldal, dreiv møbelsnikkarkurs vintrane. Skulen starta rundt 1920 og heldt fram til rundt 1930. Dei siste åra dreiv Karl Hol skulen åleine. Lengda på kursa var frå 2 - 6 månader alt etter søknadsmengda og etter tida for haustonn og våronn.

ROMSDAL JÄRNARBEIDSSKULE

1936

Dette var også ein reint privat skule som vart starta i 1926 av smedmeister Gerhard Berge, fødd i Eidsdal i 1911. Berge hadde god utdanning frå Statens husindustriskule i Haus og 2 års utdanning frå Norsk Kunsthandverksskule på Voss. Berge starta skulen som 25-åring i 1936. Frå sine eigne vanskar med å få utdanning visste han kor vanskeleg det var for landsungdom å få utdanning. Etter at Møre og Romsdal arbeidsskule var flytta til Romsdal, var det berre Møre Snekker- og Tegneskole i Borgund som gav praktisk opplæring på Sunnmøre. Då Berge starta skulen, var det berre i Romsdal ein kunne få utdanning i mekaniske fag. Det var dette Berge ville bøte på ved å starte skule i heimbygda. Berge sytte både for verkstadlokaler og utstyr. Han hadde jamvel eit lite internat ei tid. I mange år hadde skulen god søkning. Etter søknad fekk han staten til å yte midlar til lærarløn, lys, brensel og reinhald av midlar Kyrkje- og undervisningsdepartementet hadde til yrkesopplæringskurs. Elevane kom frå Nordland og Nord-Trøndelag i nord til synste Hordaland i sør og til Mjøsatraktene i aust. Opplæringa var for det meste i reint mekanisk arbeid, i smiing og dreining. Men Berge hadde kupolovn og formsand og dreiv med noko støyping i jern og aluminium. Rammene for formene laga han og elevane. Kursa varde frå 20 til 24 veker pr. år. Ved sida av skulen dreiv Berge sjåføropplæring. Til dette hadde han eiga lære- vogn. Under krigen kom skulen i store pengevanskar. Likevel heldt Berge fram til krigen var over i von om at dei økonomiske tilhøva då skulle bli betre. Men i det stykket vart han vonbroten. Etter kvart vart vanskanne for store, og i 1947 måtte han gi opp. Skulen hadde då vore i gong i 11 år.

HERØY HEIMEYRKESKULE

Denne skulen høyrer til same gruppe skular som dei vi nå har nemnt. Skulen var kommunal allereide frå starten, og skulen starta midt under krigen, i 1943, eit vågalt tiltak midt i ei vanskeleg tid. Skulen hadde lenge snikkarlinje og målarlinje, men gjekk seinare over til rein yrkesskule. Etter at lov om vidaregåande opplæring kom, vart det også sett i gong line for allmennfag. Skulen heiter i dag Herøy vidaregåande skule med Emil Røsås som rektor.

Dei skulane som er omtala her, vart oftast på slutten heitande heimeyrkesskular. Av desse er det i dag att berre 13 skular med i alt ca. 430 elevar. Den viktigaste oppgåva for desse skulane har vore å dekkje den trongen bygdeungdomen har hatt for praktisk opplæring. Til denne gruppa høyrde også Møre Snekker- og Tegneskole som blir spesielt nærare omtalt i neste kapittel. Dei fleste av desse skulane var berre for gutar. Men vi hadde også nokre skular for jenter, dei såkalla husflidsskulane. Seinare fekk yrkesskulane etter kvart liner som høvde også for jenter, t.d. i saumfag.